

**Møteinnkalling**

<b>Utval:</b>	Vestland ungdomsutval
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte/videomøte
<b>Dato:</b>	02.04.2020
<b>Tid:</b>	16:00

**Program:**

Kl 16:00- Møtestart  
Sakshandsaming

Dersom nokon av utvalet sine faste medlemar ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjera dette snarast råd til [dagmar.reutz.hillestad@vlfk.no](mailto:dagmar.reutz.hillestad@vlfk.no)

Denne innkallinga gjeld valde medlemar og dei tre første varamedlemene i Vestland ungdomsutval.

Susanne Sørli Slettebakken

leiar

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 5/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 06.03.2020	2020/1929	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 6/20	Oversikt over politiske saker til planlagt handsaming i 2020	2020/43973	
RS 7/20	Politisk kontaktperson for Vestland fylkesutval for ungdom	2019/11	
RS 8/20	Økonomioversikt mars 2020	2020/1929	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 11/20	Mandat for mobbeomboda og elev- og lærlingomboda	2020/36920	

## **Godkjenningssaker**

**GK 5/20 Godkjenning av innkalling og sakliste**

---

Saknr: 2020/1929-14  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Vestland ungdomsutval	6/20	02.04.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 06.03.2020

Møtebok frå møte i Vestland ungdomsutval 06.03.2020 er lagt ved saka.

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	Vestland ungdomsutval
<b>Møtestad:</b>	Utvalsalen, 2. et., Fylkeshuset - Sandsli, Sandslihaugen 30, Bergen
<b>Dato:</b>	06.03.2020
<b>Tid:</b>	11:30-15:30

**Følgjande faste medlemer møte:**

Namn	Funksjon
------	----------

Susanne Sørli Slettebakken	Leiar
----------------------------	-------

Ebbe Io	Medlem	Gjekk 14:15
---------	--------	-------------

Matilde Myklatun Hole	Medlem
-----------------------	--------

Marius Helgheim Ahmt	Medlem
----------------------	--------

Synne Skulstad Birkhaug	Medlem
-------------------------	--------

Mia Holdhus	Medlem
-------------	--------

Kjersti Helene Rasmussen	Medlem
--------------------------	--------

Hidle	
-------	--

Lisa Horpen	Medlem
-------------	--------

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon
------	----------

Leander Sunde	Nestleiar
---------------	-----------

**Følgjande varamedlemer møte:**

Namn
------

Emilie Mortvedt
-----------------

Edas Kondrotas
----------------

Sofie Krumsvik (på Skype)
---------------------------

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
------	----------

Natalia Golis	fylkesvaraordførar
---------------	--------------------

Jannicke Bergesen Clarke	leiar hovedutval samferdsel og mobilitet
--------------------------	--

Hans Christian Engum	seniorrådgjevar SUD plan, klima og folkehelse
----------------------	---

Svein Book Dalsgård	Leiar Kundeopplevingar, Skyss
---------------------	-------------------------------

Dagmar Reutz Hillestad	utvalssekretær
------------------------	----------------

**Sakliste**

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 3/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 01.02.2020	<b>2020/1929</b>	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 9/20	Ansvarsfordeling - val av leiarar for dei fire satsingsområda	<b>2020/1929</b>	
PS 10/20	Møteplan 2020 - justeringar	<b>2020/1929</b>	

## Godkjenningssaker

### **GK 3/20 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll 06.03.2020 - Vestland ungdomsutval**

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

### **GK 4/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 01.02.2020**

Møtebok frå møte i Vestland ungdomsutval 01.02.2020 er lagt ved saka.

**Saksprotokoll 06.03.2020 - Vestland ungdomsutval**

#### **Vedtak**

Møteprotokollen vart godkjent utan merknader.

## Politiske saker

### PS 9/20 Ansvarsfordeling - val av leiarar for dei fire satsingsområda

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval vel fylgjande leiarar for dei fire satsingsområda:

Kultur, idrett og integrering - Opplæring og kompetanse - Samferdsel og mobilitet - Næring, naturressursar og innovasjon. I tillegg skal det veljast leiar til arbeidsgruppa «Eigen organisasjon».

#### Saksprotokoll 06.03.2020 - Vestland ungdomsutval

**Susanne Sørli Slettebakken** sette fram slikt forslag:

«Fylgjande leiarar vert valt for dei fire satsingsområda:  
kultur, idrett og integrering: Lisa Horpen  
opplæring og kompetanse: Sofie Krumsvik  
samferdsel og mobilitet: Emile Mortvedt  
næring, naturressursar og innovasjon: Mia Holdhus  
eigen organisasjon: Matilde Myklatun Hole».

#### Avrøysting

Sørli Slettebakken sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

Vestland ungdomsutval vel fylgjande leiarar for dei fire satsingsområda:

Kultur, idrett og integrering - Opplæring og kompetanse - Samferdsel og mobilitet - Næring, naturressursar og innovasjon. I tillegg skal det veljast leiar til arbeidsgruppa «Eigen organisasjon».

Fylgjande leiarar vert valt for dei fire satsingsområda:

kultur, idrett og integrering: Lisa Horpen  
opplæring og kompetanse: Sofie Krumsvik  
samferdsel og mobilitet: Emile Mortvedt  
næring, naturressursar og innovasjon: Mia Holdhus  
eigen organisasjon: Matilde Myklatun Hole».

### PS 10/20 Møteplan 2020 - justeringar

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram for drøfting i ungdomsutvalet - utan tilråding frå administrasjonen.

#### Saksprotokoll 06.03.2020 - Vestland ungdomsutval

**Susanne Sørli Slettebakken** sette fram slikt forslag:

«Vestland ungdomsutval vedtek at videomøte 11. mai utgår.  
Det vert sett opp ny dato for videomøte torsdag 2. april kl. 16.00.  
Det vert sett opp nytt møte i Bergen onsdag 17. juni kl. 11.30».

#### Avrøysting

Sørli Slettebakken sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

Vestland ungdomsutval vedtek at videomøte 11. mai utgår.

Det vert sett opp ny dato for videomøte torsdag 2. april kl. 16.00.

Det vert sett opp nytt møte i Bergen onsdag 17. juni kl. 11.30.



## **Referatsaker**

**RS 6/20 Politisk kontaktperson for Vestland fylkesutval for ungdom**

---

Vår referanse 2019/11-16  
Dato 09.01.2020

---

Vestland ungdomsutval  
ved leiar Susanne Sørli Slettebakken

Politisk kontaktperson for Vestland fylkesutval for ungdom

I møte den 18.12.19 valde Vestland fylkesting Natalia Golis som politisk kontaktperson for Vestland fylkesutval for ungdom / Vestland ungdomsutval.

Kontaktinformasjon finn de her: <https://www.vestlandfylke.no/politikk/politisk-organisering/fylkesordforar-og-fylkesvaraordforar/>

Med helsing

Signe Rauboti  
Seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Mottakarliste  
Vestland ungdomsutval ved leiar Susanne Sørli  
Slettebakken

Intern kopiliste  
ORO - Politisk sekretariat

Dagmar Reutz Hillestad

---

Saknr: 2020/1929-15  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad  
Dato: 30.03.2020

---

---

**Til:** Vestland ungdomsutval

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

Økonomioversikt pr. 26.03.2020

100202: Fylkestinget For Ungdom/Vestland ungdomsutval	FORBRUK:	OVERSIKT :
ÅRSBUDSJETT 2020		515.000,-
SAMLEPOST FOR ANNET FORBRUKSMATERIELL, VARER OG TJENESTER	8.000,-	
MATVARER	14.000,-	
TRANSPORT OG REISE	5.000,-	
UTGIFTER OG GODTGJØRELSER FOR REISER, DIETT, BIL MV. SOM ER OPPLYSNINGSPLIKTIGE	2.000,-	-29.000,-
REKNESKAPSOVERSIKT pr. 26.03.2020		486.000,-

---

<b>Saknr:</b>	2020/43973-1
<b>Saksbehandler</b>	Thorbjørn Aarethun
<b>Dato:</b>	11.03.2020

---

## Oversikt over politiske saker til planlagt handsaming i 2020

Fylkesrådmannen legg med dette fram ei oversikt over politiske saker som administrasjonen arbeider med, og med planlagt vidare politisk handsaming i 2020. Det vert teke sikte på å legge fram slik oversikt til fylkesutvalet kvart kvartal. Saker som er ferdig handsama og avslutta vert teke ut av lista.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at denne oversikten over planlagte politiske saker vart sett opp før situasjonen med tiltak mot koronasmitte inntraff i Norge.

### Vedlegg

1 Oversikt over politiske saker til planlagt handsaming i 2020

Saker	Hovudutval				Planutvalet	Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring, naturressursar og innovasjon	Kultur, idrett og inkludering				

<b>Avdeling for organisasjon og økonomi</b>								
<b>Juridisk</b>								
Mandat for elev- og lærlingeomboda og mobbeomboda							26.03.20	09./10.06.20
Grieghallen IKS – endring av selskapsavtale							???	???
Opplegg for eigarstyring i div. selskap							???	
<b>Politisk sekretariat</b>								
Reglement for godtgjerlse til folkevalde - revidering							28.05.20	09./10.06.20
Oppdatert reglement for folkevalde organ - delegering							28.05.20	09./10.06.20
Møteplan for folkevalde organ 2021							28.05.20	09./10.06.20
Flagg for Vestland fylkeskommune							30.04.20	12.05.20
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon - namneendring			14.05.20				28.05.20	09./10.06.20
<b>Økonomi</b>								
Budsjett 2021						26.03.20 28.05.20 18.06.20 17.09.20 26.11.20	26.11.20	15.12.20
Investeringsprogram							26.03.20 28.05.20	09.06.20
Finansrapport 2019 – Sogn og Fjordane fylkeskommune							28.05.20	09.06.20

Saker	Hovudutval				Planutvalet	Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring, naturressursar og innovasjon	Kultur, idrett og inkludering				
Finansrapport 2019 – Hordaland fylkeskommune							28.05.20	09.06.20
Strategi og reglement for forvaltning av konsesjonskraft							28.05.20	09.06.20
Rekneskap for Sogn og Fjordane fylkeskommune							28.05.20	09.06.20
Rekneskap for Hordaland fylkeskommune							28.05.20	09.06.20
Årsmelding 2019 – Sogn og Fjordane fylkeskommune							28.05.20	09.06.20
Årsmelding 2019 – Hordaland fylkeskommune							28.05.20	09.06.20
Tertialrapport pr 1.tertial							28.05.20	09.06.20
Finansrapport pr 1.tertial							28.05.20	09.06.20
Økonomiplan 2021-2024							28.05.20	09.06.20
<b>Eigedom</b>								
Byggestart Askøy vgs							28.05.20	09.06.20
Byggestart Sogndal vgs, avd. Kaupanger							28.05.20	09.06.20
Reglement for utleige av fylkeskommunale bygg og anlegg							28.05.20	09.06.20
Vidareutvikling av samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og næringslivet							28.05.20	09.06.20
<b>Kommunikasjon</b>								
Språkplan							28.05.20	09.06.20
<b>Avdeling for infrastruktur og veg</b>								
Fv. 606 Ytre Steinsund – ferjeavløysingsprosjekt (ventar på KMD)		X					X	X

Saker	Hovudutval				Planutvalet	Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring, naturressursar og innovasjon	Kultur, idrett og inkludering				
Prioritering av rassikringsmidlar (heng saman med RTP - vurderer eiga sak)		X					X	X
Finansiering Fv 49 (tidl Fv 7) Tokagjelet – bompengar/rassikringsmidlar (uvisst om det vert i 2020)		X					X	X
Utbyggingsavtalar, rekkefølgekrev, fylkeskommunale midlar og prinsipp for forskotteringar		15.04.20					30.04.20	09./10.06.20
Fv. 608 Atløysambandet – søknad om ferjeavløysingsmidlar (avventar ferdig reguleringsplan)		X					X	X
NTP Nasjonal transportplan – innspel prioriteringar		15.04.20					30.04.20	12.05.20
Askøypakken – inntektsgrunnlag (uavklart framdrift)		X					X	X
Prosjektavklaring – Fv 57 Dale-Storehaug (våren 2020)		X					X	X
Prosjektavklaring – Fv 614 Svelgen - Indrehus (våren 2020)		13.05.20					28.05.20	09./10.06.20
Omklassifisering av vegar i Osterøy kommune		X					X	X
Beredskap – ansvar for skyssløysingar ved stengde vegar som følgje av skred og andre hendingar		X					X	X
Tilsegn om reduserte bompengetakstar for Rv.13 Hardangerbrua		13.05.20					28.05.20	09./10.06.20

Saker	Hovudutval				Planutvalet	Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring, naturressursar og innovasjon	Kultur, idrett og inkludering				
Handlingsplan for tunneloppgradering		03.06.20					17.09.20	29.09.20
Prinsipp for innløyising av eigedomar i samband med planarbeid		X					X	X
Takstendring i Førdepakken		13.05.20					28.05.20	09./10.06.20
<b>Avdeling for innovasjon og næringsutvikling</b>								
<b>Naturressursar, landbruk og reiseliv</b>								
Statlege retningsliner for behandling av søknader om løyve til akvakultur av matfisk av laks, aure og regnbogeaure på land			X					
Handlingsplan reiseliv - 2020			16.04.20					
Distriktsmeldingen - fråsegn			X				X	
Handlingsplan marin sektor -2020			16.04.20					
Fjord Norge – ny avtale med Vestland fylke			04.06.20					
<b>Grøn vekst, klima og energi</b>								
Strategiske prioriteringar for infrastruktur for hurtiglading i Vestland			X					
Strategi for for fylkeskommunen sitt arbeid med nullutsleppinfrastruktur til lands, til vanns og i lufta i Vestland			16.04.20				30.04.20	
BKK/Cape Omega elektrifiseringsprosjekt til Nordsjøen SERENE			16.04.20					



Saker	Hovudutval				Planutvalet	Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring, naturressursar og innovasjon	Kultur, idrett og inkludering				
Kriterier for søkbare midlar til klimainnovasjon /grøn konkurransekraft			16.04.20					
Kraftsystemutgreiing for Bergensområdet			16.09.20					
<b>Forskning, kompetanse og internasjonalisering</b>								
Rapportering på handlingsprogram til Regional kompetanseplan /Verdiskapingsplanen			16.04.20					
Påverknadsarbeid mot EU for å betre rammevilkåra for Vestland fylke			16.04.20				30.04.20	
Karriere Vestland – tilbod om karriererettleiing til innbyggjarane i heile Vestland fylke			16.04.20					
Innovasjon og næringsutvikling gjennom smart spesialisering			14.05.20					
Årsrapport RFF Vestlandet			14.05.20				28.05.20	09.06.20
Mobilisering til forskning i næringslivet i Vestland fylke 2021 - 2022 - MOBIFORSK/VRI			04.06.20					
Strategi for nyskaping og entreprenørskap i kommunane i Vestland fylke			16.09.20				29.10.20	
<b>Verdiskaping i byar og regionar</b>								
Etablering av ny ordning knytt til partnerskapsmidlar og samarbeidsavtaler			14.05.20					
Restmidlar kompensasjonsmidlar Hordaland			16.04.20					

Saker	Hovudutval				Planutvalet	Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring, naturressursar og innovasjon	Kultur, idrett og inkludering				
Restmidlar kompensasjonsmidlar Sogn og Fjordane			16.04.20					
Kommunale næringsfond 2020, oppfølging verbalpunkt budsjett 2020			16.04.20					
Kommunale næringsfond frå 2021 og vidare.			16.04.20					
Næringsfond og etablerarfond i Vestland fylke frå 2021			14.05.20			28.05.20		
<b>Avdeling for kompetanse og opplæring</b>								
Justering av opplæringstilbodet skuleåret 2020-21	20.04.20							
Ny tilbudsstruktur for yrkesfaglege utdanningsprogram for skuleåret 2020-2021	20.04.20							
Prinsipp for budsjettmodell for vidaregåande skular	12.05.20						28.05.20	9./10.06.20
Fagskulen – organisering av dei to fagskulane	12.05.20						28.05.20	9./10.06.20
Lokal forskrift om inntak- og formidling for Vestland fylkeskommune	12.05.20						28.05.20	9./10.06.20
Den heilskaplege skulehelsetenesta – samarbeid og samhandling	12.05.20						28.05.20	09./10.06.20
Høyring – NOU 2019:23 Ny opplæringslov	02.06.20						18.06.20	
Høyring – NOU 2019:25 «Med rett til å mestre»	02.06.20						18.06.20	

Saker	Hovudutval				Planutvalet	Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring, naturressursar og innovasjon	Kultur, idrett og inkludering				
Plan for kompetanseutvikling for vidaregåande opplæring for 2020-21	02.06.20							
Mål og strategiar i vidaregåande opplæring	16.09.20							
Ny budsjettmodell for vidaregåande skular	16.09.20							
Tilrettelagt opplæring – modellar for organisering	16.09.20							
Opplæringstilbodet for skuleåret 2021-2022	13.10.20							
Vidareutvikling av samarbeid mellom vidaregåande opplæring, næringsliv, og kommunar	03.11.20							
Tiltak for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring	03.11.20							
OT-tiltak i Vestland fylkeskommune	03.11.20							
Evaluering av produksjonsskulen	03.11.20							
Open skule-prinsippet på dei vidaregåande skulane	03.11.20							
Evaluering skulefrukostordninga	Haust 2021							
<b>Avdeling for mobilitet og kollektivtransport</b>								
Årsrapport for kollektivstrategi		15.04.20					30.04.20	09.06.20
Felles merkevare for mobilitetseininga		Haust 2020					Haust 2020	Haust 2020
Felles pris og sonestruktur for buss og bybane		Haust 2020					Haust 2020	Haust 2020
Einerettar for drosje		13.05.20					28.05.20	09./10.06.20
Samordning av TT-ordninga i VLFK		13.05.20					28.05.20	09./10.06.20
Felles pris og sonestruktur for båt		Haust 2020					Haust 2020	Haust 2020





Saker	Hovudutval				Planutvalet	Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring, naturressursar og innovasjon	Kultur, idrett og inkludering				

<b>Avdeling for kultur, idrett og inkludering</b>								
<b>Bibliotekutvikling</b>								
Vidareføring av bokbåten i Vestland				19.05.20			28.05.20	09./10.06.20
Oppstart av ny strategisk plan for bibliotek på vgs	20.04.20			21.04.20			30.04.20	
Utfordringar for folkebiblioteka				04.06.20				
<b>Idrett og friluftsliv</b>								
Spelemidler til idretts- og friluftsanlegg							18.06.20	
Friluftslivets ferdselsårer				21.04.20				
Retningslinjer for utviklingsstipend innan idrett og heider til OL og VM medaljørar/verdiscup vinnarar				19.05.20				
EM i friidrett i Bergen 2021 for under 23 år				19.05.20			28.05.20	09./10.06.20
Tilskot nyskapande aktivitetsarena				19.05.20				
Investeringstilskot til idrettsanlegg med regional og nasjonal verdi				04.06.20				
Utviklingsstipend innan idrett				04.11.20				
<b>Inkludering, strategi og analyse</b>								
Regionale kulturplanar - Handlingsprogram 2021				16.09.20 04.11.20			17.09.20 26.11.20	29.09.20 15.12.20
Fordeling av midlar integreringsprosjekt finansiert av Gjensidigestiftinga				17.03.20 ruth				
Nye oppgåver - integrering				21.04.20			30.04.20	12.05.20
Tildeling- tilskot til mentor og traineeordningar (innvandrarar med høgare utdanning)				21.04.20				

Saker	Hovudutval				Planutvalet	Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring, naturressursar og innovasjon	Kultur, idrett og inkludering				
Tildeling – tilskot etableraropplæring for innvanderer				21.04.20				
Tildeling – tilskot inkludering og mangfald				21.04.20				
<b>Kunst- og kulturutvikling</b>								
Kunstnarstipend – innretting og retningslinjer				21.04.20				
Kulturelt utviklingsprogram – innretting og retningslinjer				21.04.20				
Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom				21.04.20				
Vidareføring av vinterfestivalane i Vestland				19.05.20			28.05.20	09.06.20
Budsjettposten Stønad etter vedtak – fordeling av midlar i dei to tilskotsordningane				19.05.20				
Orienteringssak – SPARSE (Supporting and Promoting Art in Rural Settlement of Europa)				04.06.20				
Kunstnarstipend(inkl folkemusikkstipend) - tildeling				04.06.20				
Kunstnarleg utsmykking i fylkeskommunale bygg				16.09.20			17.09.20	29.09.20
Kulturelt utviklingsprogram – fordeling av tilskot				16.09.20				
<b>Kulturformidling</b>								
DKS-midlane – fordeling mellom fylkeskommunen og kommunane				21.04.20				
Fagområdet kultur og helse, presentasjon/føringar				21.04.20				

Saker	Hovudutval				Planutvalet	Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring, naturressursar og innovasjon	Kultur, idrett og inkludering				
Organisering DKS				04.06.20				
Organisering UKM 2021				04.06.20				
Musikarordningane i Vestland fylkeskommune				14.10.20				
Den kulturelle spaserstokken, tildeling av midlar, vedtak om tildeling				14.10.20				
<b>Kulturarv</b>								
Museumspolitikk i Vestland				21.04.20				
Tilskot til verna kulturminne i Vestland fylke				19.05.20				
Retningsliner driftstilskot til regionale og nasjonale kulturminne				19.05.20			28.05.20	



## **Politiske saker**

**PS 11/20 Mandat for mobbeomboda og elev- og lærlingomboda**

---

Saknr: 2020/36920-1  
Saksbehandlar: Svein Hågård

---

### Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Vestland ungdomsutval	11/20	02.04.2020
Yrkesopplæringsnemnda		17.04.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse		20.04.2020
Fylkesutvalet		30.04.2020
Fylkestinget		09.06.2020

### Mandat for mobbeomboda og elev- og lærlingomboda

Forslag til vedtak:

1. Fylkestinget fastset mandat for mobbeomboda slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Fylkestinget fastset mandat for elev- og lærlingomboda slik det går fram av saksutgreiinga.

### Samandrag

Fylkestinget må fastsetje mandat for dei to mobbeomboda og dei to elev- og lærlingomboda i Vestland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen føreslår at mobbeomboda berre skal ha barnehagebarn og grunnskuleelevar i målgruppa si, men at dei skal samarbeide med elev- og lærlingomboda for å sikre at elevane og lærlingane i vidaregåande opplæring får ivaretekne sine rettar til eit godt psykososialt miljø.

Vidare gjer fylkesrådmannen framlegg om at elev- og lærlingomboda sitt arbeidsområdet berre omfattar elevar og lærlingar i det fylkeskommunale opplæringstilbodet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune har to elev- og lærlingombod og to mobbeombod.

Elev- og lærlingomboda er fylkeskommunen sine ombod for elevar, lærlingar og lære kandidatlar i vidaregåande opplæring. Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde elev- og lærlingombod frå 2004, Hordaland fylkeskommune frå 2017.

Mobbeomboda skal arbeide for å sikre born og unge eit godt psykososialt miljø i barnehage og skule. Hordaland fylkeskommune hadde mobbeombod frå 2015, Sogn og Fjordane fylkeskommune frå 2018.

Alle dei fire omboda har ei rådgjevande og rettleiande rolle og er ikkje ein klageinstans. Omboda har imidlertid hatt noko ulike arbeidsområde i dei to tidlegare fylkeskommunane. I denne saka gjer fylkesrådmannen framlegg om nye mandat for omboda, som skal klargjere arbeidsfelta deira i Vestland fylkeskommune.

#### *Historisk oversyn:*

##### 1. Mobbeomboda:

Hordaland fylkeskommune oppretta mobbeombod som ei forsøksordning med verknad frå skuleåret 2015/16. Målgruppa til ombodet var elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring. Erfaringane frå denne prøveordninga synte seg å vere så gode at Hordaland fylkesting i juni 2017, FT-sak 47/17, vedtok å gjere ordninga fast.

Hausten 2017 bad Kunnskapsdepartementet Utdanningsdirektoratet om å setje i verk ei mellombels nasjonal ordning med fylkesvise mobbeombod med verknad frå skule- og barnehageåret 2018/19. Hordaland fylkeskommune slutta seg til ordninga. I tråd med det nasjonale mandatet vart mandatet til mobbeombodet i Hordaland utvida til også å gjelde barnehagebarn og elevar i grunnskulen, jf. FT-sak 44/18.

Etter vedtak i Sogn og Fjordane fylkesting i sak 4/18 vart Sogn og Fjordane fylkeskommune med i den nasjonale ordninga med fylkesvise mobbeombod frå august 2018. Målgruppa for ombodet var barnehagebarn og elevar i grunnskulen, men ikkje elevar i vidaregåande opplæring, sidan elev- og lærlingombodet, jf. under, frå 2014 også hadde vore mobbeombod i vidaregåande opplæring.

Mobbeombodet i tidlegare Hordaland fylkeskommune er tilsett i fast stilling, medan mobbeombodet som kjem frå tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune, er tilsett i ei prosjektstilling ut 2020.

Den mellombelse nasjonale ordninga med mobbeombod vert no evaluert av NOVA. Evalueringa skal vere ferdig i juni i år, dvs. om lag samstundes som fylkestinget handsamar denne saka. På grunnlag av evalueringa vil Kunnskapsdepartementet avgjere korleis ombodsstrukturen skal vere i dei nye fylka.

Det ville vore føremålstenleg om Kunnskapsdepartementet si avgjerd om den framtidige strukturen hadde lege føre når fylkestinget skal ta stilling til mandatet. Fylkesrådmannen har på bakgrunn av dette vurdert å vente med å fremje den delen av denne saka som gjeld mobbeomboda, men har kome til at sidan departementet si avgjerd fort kan kome til å dra ut i tid, bør fylkestinget gjere vedtak om mandat for mobbeomboda sjølv om den framtidige organisatoriske tilknytninga er usikker.

Eit vesentleg spørsmål fylkestinget må ta stilling til ved utforminga av mandatet for mobbeomboda i Vestland fylkeskommune er om omboda berre skal ha barnehagebarn og elevar i grunnskulen i målgruppa, eller om dei også skal vere ombod for unge i vidaregåande opplæring, slik tilfellet var i Hordaland fylkeskommune.

## 2. Elev- og lærlingomboda:

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppretta ordninga med elev- og lærlingombod i vidaregåande opplæring i 2003 som ei treårig prøveordning, jf. FT-sak 18/03 og FT-sak 56/03. Ombodet byrja i stillinga i august 2004. I 2007 vedtok fylkestinget at ordninga skulle bli fast.

Ombodet har først og fremst hatt som oppgåve å sjå til at elevar og lærlingar får oppfylt rettane sine etter opplæringslova og arbeidsmiljølova og at dei elles ikkje lir urett. Ombodet sitt ansvarsområde har vore alle dei fylkeskommunale vidaregåande skulane og alle lærebedrifter som tek del i opplæringa av elevar og lærlingar. I 2014 vart mobbesaker formalisert som ei av oppgåvene til elev- og lærlingombodet, jf. fylkestinget sitt vedtak i FT-sak 16/14.

Hordaland fylkeskommune hadde elev- og lærlingombod frå januar 2017, etter vedtak i fylkestinget i 2015. Ansvarsområdet omfatta først berre det fylkeskommunale opplæringstilbodet. Frå juni 2018, jf. vedtak i FT-sak 43/18, har arbeidsområdet til ombodet omfatta all vidaregåande opplæring, dvs. også private vidaregåande skular.

Fylkestinget må no m.a. ta stilling til om målgruppa til elev- og lærlingomboda berre skal femne opp det fylkeskommunale opplæringstilbodet eller om omboda også skal ha ansvar for elevar ved privatskular.

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jf. reglementet for fylkestinget, pkt. 2, innleiinga.

### Vurderingar og verknader

Tabellen syner talet på barn, elevar og lærlingar (offentleg og privat) i dei to fylka som no utgjer Vestland fylke, i barnehage- og skuleåret 2018/19:

2018/2019	Hordaland	Sogn og Fjordane	Vestland
<b>Barnehagebarn</b>	29 298	5 513	34 811
<b>Elevar i grunnskule</b>	63 683	13 915	77 598
<b>Elevar i vidaregåande</b>	18 695	4 168	22 863
<b>Lærlingar og lærekandidatar</b>	4 920	1 400	6 320
<b>Totalt</b>	116 504	24 988	141 592

### 1. Mobbeomboda

I det nasjonale mandatet for mobbeomboda, som er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet, står følgjande:

*Mobbeombudet skal støtte og veilede barn, elevar og foreldre slik at disse får ivaretatt sine rettigheter til et godt psykososialt miljø i barnehage og grunnskole. Mobbeombudet skal i samarbeid med elev- og lærlingombudet i sitt fylke, bidra til at elevar og lærlingar får ivaretatt sine rettigheter til et godt psykososialt miljø i vidaregåande opplæring*

Utdanningsdirektoratet presiserte i brev av 02.01.18 at fylkeskommunane har høve til å gjere lokale tilpassingar i det enkelte fylke, både når det gjeld oppgåver og om samarbeidet med dei eksisterande elev- og lærlingomboda.

Mobbeombodet i Hordaland fylkeskommune var ombod for 111-112 000 born og unge i barnehagar, grunnskular og vidaregåande skular, medan det tilsvarande ombodet i Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde 19-20 000 born i si målgruppe (barnehagebarn og elevar i grunnskulen).

Dei to omboda får ca. 135 000 born og unge i målgruppa dersom fylkestinget vel å vidareføre den modellen Hordaland fylkeskommune nytta. Dersom fylkestinget vel ordninga Sogn og Fjordane

fylkeskommune nytta, dvs. at omboda berre får ansvaret for barnehagebarn og grunnskuleelevar, får dei ombodsfunksjon for om lag 112 000 born og unge. Skilnaden er om lag 20 prosent.

Fylkesrådmannen tilrår det sistnemnde alternativet, dvs. at mobbeomboda ikkje skal ha elevar i vidaregåande opplæring i målgruppa si. Det er ryddigare at arbeidsområda til mobbeomboda og elev- og lærlingomboda ikkje overlappar kvarandre, slik at elevane i vidaregåande slepp å lure på om dei skal kontakte mobbeomboda eller elev- og lærlingomboda. Det er også eit poeng at det med denne modellen vert meir smertefritt å overføre mobbeomboda til staten dersom dette skulle bli konklusjonen til Kunnskapsdepartementet.

Mobbeomboda skal likevel samarbeide med elev- og lærlingomboda om at elevane og lærlingane i vidaregåande opplæring får ivaretekne rettane sine til eit godt psykososialt miljø, jf. siste setning i det nasjonale mandatet. Mobbeomboda kan på denne måten følgje heile opplæringsløpet til barnet/ungdomen, frå barnehage til og med vidaregåande skule og lærebedrift.

Fylkesrådmannen føreslår elles at mobbeomboda framleis skal utarbeide årsmelding til fylkestinget.

Fylkesrådmannen tilrår etter dette følgjande mandat for mobbeombodet<sup>1</sup>:

### **1 Oppgåver**

*Mobbeombodet skal bidra til at barn og unge i Vestland fylke får ivaretekne sine rettar til eit godt barnehage- og skulemiljø. Ombodet er eit lågterskeltilbod for barn i barnehage, elevar i grunnskulen og deira føresette. Ombodet skal utføre arbeidet sitt på eit fritt og sjølvstendig grunnlag. Mobbeombodet skal òg i samarbeid med elev- og lærlingombodet i Vestland bidra til at elevar og lærlingar får ivaretekne sine rettar til eit godt psykososialt miljø i vidaregåande opplæring.*

### **2 Målgruppe**

*Målgruppa til mobbeombodet er barn og unge i barnehage og grunnskule i Vestland, samt deira føresette.*

### **3 Teieplikt**

*Ombodet har teieplikt og opplysningar vert ikkje brakt vidare utan samtykke.*

### **4 Rapportering og initiativrett**

*Ombodet skal utarbeide årsmelding til fylkestinget.*

*Ombodet skal ha systematisk kontakt med administrativ og politisk leiing i fylkeskommunen med faste møtepunkt fleire gonger i året.*

*Mobbeombodet er ein del at eit nasjonalt nettverk for fagleg utvikling og erfaringsdeling på tvers av fylka.*

## **2. Elev- og lærlingomboda**

Fylkesrådmannen sitt framlegg til mandat byggjer på mandatet til elev- og lærlingombodet i Hordaland fylkeskommune og reglementet for det tilsvarande ombodet i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Ombodet i Hordaland fylkeskommune hadde frå juni 2018 også elevar ved dei private vidaregåande skulane i si målgruppe, medan ombodet i Sogn og Fjordane fylkeskommune berre har hatt dei fylkeskommunale vidaregåande skulane i sin portefølje. Det er ca. 13 private vidaregåande skular i Vestland fylke, dei aller fleste i Bergen kommune, medan det er 47 fylkeskommunale vidaregåande skular i fylket. Det samla elevtalet framgår i tabellen over.

Fylkesrådmannen si tilnærming er at fylkeskommunen sine elev- og lærlingombod berre skal ivareta rettane til elevar og lærlingar innanfor fylkeskommunen sitt eige opplæringstilbod, sjå

---

<sup>1</sup> Mandatet omtalar «ombodet» i eintal, sjølv om det for tida er to personar fyller funksjonen.

framlegg til pkt. 2 i mandatet under. Omboda ønskjer å reise ofte på skulebesøk, både for å møte enkeltelevar personleg - ansikt til ansikt - og for å kunne gje generell informasjon til elevråd, klassar og personalet ved skulane. Elev- og lærlingombodet i tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune opplyser at ho har hatt svært gode erfaringar med å jobbe på denne måten.

Dersom omboda skal ha elevane ved privatskulane i porteføljen sin, får dei ca. 60 skular å oppsøkje. Opplegget vert meir overkomeleg viss dei berre skal forholde seg til dei 47 fylkeskommunale skulane.

Når det gjeld pkt. 4 i mandatet elles, viser fylkesrådmannen til det som står over i tilknytning til mobbeomboda.

Fylkesrådmannen tilrår etter dette følgjande mandat for elev- og lærlingombodet<sup>2</sup>:

### ***1 Elev- og lærlingombodet i Vestland***

*Elev- og lærlingombodet er fylkeskommunen sitt ombod for elevar, lærlingar og læreandidatar (heretter omtalt som lærlingar) i vidaregåande opplæring.*

*Elev- og lærlingombodet er først og fremst eit lågterskeltilbod som elevar, lærlingar og føresette lett skal kome i kontakt med. Ombodet skal utføre arbeidet sitt på eit fritt og sjølvstendig grunnlag, og bidra til å styrke fylkeskommunen sitt arbeid med å sikre at elevar og lærlingar får ivaretekne rettane sine.*

*Ombodet arbeider for at alle elevar og lærlingar skal få ei rettferdig behandling etter lov, forskrift og fylkeskommunalt regelverk, og er ein pådrivar for at skular og opplæringsinstitusjonar følgjer dei retningslinjer og lover som omhandlar elevar og lærlingar sine rettar. Ombodet skal samarbeide med alle partar i vidaregåande opplæring for å minne dei ansvarlege på at elevar og lærlingar får oppfylt retten til medverknad.*

### ***2 Målgruppe***

*Elev- og lærlingombodet sitt arbeidsområde omfattar alle elevar og lærlingar innanfor det fylkeskommunale opplæringstilbodet.*

### ***3 Teieplikt***

*Ombodet har teieplikt og saker blir ikkje brakt vidare utan samtykke.*

### ***4 Organisering, rapportering og initiativrett***

*Ombodet skal utarbeide årsmelding til fylkestinget.*

*Ombodet skal ha systematisk kontakt med administrativ og politisk leiing i fylkeskommunen, med faste møtepunkt fleire gonger i året.*

*Elev- og lærlingombodet er ein del av eit nasjonalt nettverk for fagleg utvikling og erfaringsdeling på tvers av fylka.*

**Økonomi:** Utforminga av mandata kan få konsekvensar for omboda sine reiseutgifter.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Arbeidet til omboda kan ha konsekvensar for folkehelsa til barn og unge i Vestland.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant.

## **Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget fastset mandat for omboda slik det framgår av saksutgreiinga. Kunnskapsdepartementet fastset mobbeomboda si framtidige tilknytning til fylka og eventuelt til fylkeskommunane på eit seinare tidspunkt.

---

<sup>2</sup> Mandatet omtalar «ombodet» i eintal, sjølv om det for tida er to personar fyller funksjonen.